

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 77/2012

2012/EØS/50/04

av 30. april 2012

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 36/2012 av 30. mars 2012⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2011/93/EU av 10. februar 2011 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsbeslutning 2011/215/EU av 4. april 2011 om gjennomføring av rådsdirektiv 97/78/EF med hensyn til omlasting på grensekontrollstasjonen ved innførsel av produktforsendelser beregnet på import til Unionen eller på tredjestater⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2011/394/EU av 1. juli 2011 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Beslutning 2011/215/EU opphevar kommisjonsvedtak 2000/25/EF⁽⁵⁾, som er teken inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 6) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 vert teksta i nr. 87 (kommisjonsvedtak 2000/25/EF) oppheva.
2. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2009/821/EF) skal nye strekpunkt lyde:
 - ”– **32011 D 0093**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2011/93/EU av 10. februar 2011 (EUT L 37 av 11.2.2011, s. 25),
 - **32011 D 0394**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2011/394/EU av 1. juli 2011 (EUT 176 av 5.7.2011, s. 45).”

⁽¹⁾ TEU L 207 av 2.8.2012, s. 3, og EØS-tillegget til TEU nr. 43 av 2.8.2012, s. 5.

⁽²⁾ TEU L 37 av 11.2.2011, s. 25.

⁽³⁾ TEU L 90 av 6.4.2011, s. 50.

⁽⁴⁾ TEU L 176 av 5.7.2011, s. 45.

⁽⁵⁾ TEF L 9 av 13.1.2000, s. 27.

3. I del 1.2 etter nr. 147 (kommisjonsforordning (EU) nr. 388/2010) skal nytt nr. 148 lyde:

”148. **32011 D 0215**: Kommisjonens gjennomføringsbeslutning 2011/215/EU av 4. april 2011 om gjennomføring av rådsdirektiv 97/78/EF med hensyn til omlasting på grensekontrollstasjonen ved innførsel av produktforsendelser beregnet på import til Unionen eller på tredjestater (EUT L 90 av 6.4.2011, s. 50).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd 2011/93/EU, beslutning 2011/215/EU og avgjerd 2011/394/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. mai 2012, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 30. april 2012

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Fungerande formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.